



Innst. S. nr. 102

(2006-2007)

Innstilling til Stortinget fra justiskomiteen

St.prp. nr. 12 (2006-2007)

Innstilling fra justiskomiteen om endringer på statsbudsjettet for 2006 under diverse kapitler administrerte av Justis- og politidepartementet

Til Stortinget

1. SAMMENDRAG

1.1 Innleiing

Justis- og politidepartementet legg i proposisjonen fram forslag om endringer i løyvingane under diverse kapitler i statsbudsjettet for 2006.

1.2 Forslag om endringer

Kap. 410 Tingrettane og lagmannsrettane

POST 1 DRIFTSUTGIFTER, KAN NYTTAST UNDER
KAP. 412, POST 1

Domstoladministrasjonen tok over det administrative ansvaret for jordskifterettane frå Landbruks- og matdepartementet frå 1. januar 2006. Det er tidlegare vedteke at jordskifterettane skal over på tilsvarende IKT-plattform som domstolane. Dette arbeidet blei starta i 2005. Den nye IKT-plattformen er berekna å koste totalt 20 mill. kroner, og skulle dekkjast av Landbruks- og matdepartementet. Dette er overført Justis- og politidepartementet bortsett frå eit restbeløp på 1,3 mill. kroner.

På denne bakgrunn blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 410 post 1 med 1,3 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på Landbruks- og matdepartementet sitt kap. 1149 post 71.

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten dekkjer utgifter som etter rettsgebyrlova er inkluderte i rettsgebyret. Forbruket på posten er knytt til antal og omfang av saker, og er derfor ikkje styrbar.

I budsjettframlegget for 2006 blei det lagt til grunn ikraftsetjing av endringar i Ot.prp. nr. 108 (2004-2005) Om lov om endringar i lov 8. juni 1984 om gjeldsforhandling og konkurs og andre lover (elektronisk kommunikasjon mv.) frå 1. juli 2007. Endringane trådte i kraft frå 1. februar 2006, og vil derfor gi om lag 3,8 mill. kroner høgare innsparing på posten i 2006 enn budsjettet. I tillegg er det generelt pårekna et lågare forbruk på posten på om lag 8,2 mill. kroner i 2006.

Samla blir det derfor foreslått å redusere løyvinga på kap. 410 post 1 med 12 mill. kroner.

Kap. 414 Domsutgifter

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til godtgjersle til medlemmer av forliksråd og kompetansehevande tiltak i form av kurs.

Antal saker i forliksråda er pårekna å bli langt fleire enn berekna som følgje av ikraftsetjinga av reforma om den sivile rettspleie på grunnplanet frå 1. januar 2006. Det blei derfor i februar 2006 gjort ytterlegare endring i form av nedjustering av satsen for godtgjersle til medlemmer av forliksråda. På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling blir det, ut frå noko usikre anslag, foreslått å redusere løyvinga under kap. 414 post 21 med 20 mill. kroner.

Kap. 3410 Rettsgebyr

POST 1 RETTSGEBYR

Løyvinga på posten dekkjer inntekter i samband med sivile saker, tinglysing, skjønn, skifte, konkurs m.m. Inntektene er regelbundne. På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og pårekna utvikling blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 3410 post 1 med 60 mill. kroner.

Kap. 5630 Aksjar i Norsk Egedomsinformasjon as

POST 80 UTBYTTE

Gjeldande løyving på posten i 2006 er 6,8 mill. kroner. På generalforsamlinga til Norsk Egedomsinformasjon as våren 2006 blei det vedteke eit utbytte på 10,36 mill. kroner i 2006. På denne bakgrunn blir det foreslått å auke løyvinga på kap. 5630 post 80 med 3,56 mill. kroner.

Kap 430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltningPOST 60 REFUSJONAR TIL KOMMUNANE, FORVARINGS-
DØMTE O.A., KAN OVERFØRAST

Rekneskapstal hittil i år viser at utbetalingane til refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøveløslatte frå forvaring, psykisk utviklingshemma med sikringsdom og varetektssurrogat er blitt lågare enn tidlegare lagt til grunn. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 10 mill. kroner under kap. 430 post 60.

Kap. 440 Politidirektoratet - politi- og lensmannsetatenPOST 1 DRIFTSUTGIFTER, KAN NYTTAST UNDER
KAP. 441 POST 1*NOKAS-saka*

Det blei hausten 2005 gitt ei ekstra løyving mellom anna til dekning av meirutgifter i politiet på om lag 15 mill. kroner i samband med Stavanger tingrett si behandling av Nokas-saka. Behandlinga av Nokas-saka i tingretten har blitt meir kostnadskrevjande enn forutsett. Oppdaterte tal viser meirkostnader på 6,5 mill. kroner knytt til behandlinga i tingretten. Justisdepartementet foreslår derfor at kap. 440 post 1 blir auka med 6,5 mill. kroner.

Gebyr utlendingssaker

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 440 post 1 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3440 post 6. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga på kap. 440 post 1 med 4,8 mill. kroner, sjå omtalen under kap. 3440 post 6 Gebyr.

Investeringar

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til innkjøp av utstyr i politi- og lensmannsetaten med 3 mill. kroner under kap. 440 post 1.

I tillegg har Politidirektoratet opplyst at dei innanfor eksisterande rammer har funne rom til å framskunde kjøp av pistolar i 2006 for om lag 30 mill. kroner. Dette vil bli dekkja sentralt slik at ikkje politidistrikta blir belasta. Dette gjeld også Oslo politidistrikt. Mindre tilleggsutgifter til pistolar som til dømes belter må politidistrikta dekkje sjølve. I tillegg skal det omprioriterast om lag 11 mill. kroner til investeringar i utstyr, særleg til kommunikasjonskontroll, men også til nokre investeringar i PST. Samla utgjer desse investeringane om lag 44 mill. kroner.

Samla vert det foreslått å auke løyvinga på kap. 440 post 1 med 14,3 mill. kroner.

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER

Posten dekkjer politi- og lensmannsetaten sine sideutgifter i samband med asylsaker, mellom anna utgifter til uttransportering i asylsaker og andre utlendingssaker.

Politiet har til no i år uttransportert færre personar frå landet enn planlagt. Justisdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 440 post 21 med 24 mill. kroner.

POST 22 SØK ETTER OMKOMNE PÅ HAVET, I INNSJØAR
OG VASSDRAG

Med bakgrunn i rekneskapstala hittil i år foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga på kap. 440 post 22 med 3 mill. kroner.

NY POST 72 TILSKOT TIL DET MOSAISKE
TRUSSAMFUND

Natt til 17. september 2006 vart det avfyrt skarpe skot mot den jødiske synagogen i Oslo. Dette viser eit behov for tryggleikstiltak for det mosaiske trussamfundet. Regjeringa har derfor funne det riktig å løyve 4,948 mill. kroner til eingangsinvesteringar i tryggleikstiltak på kap. 440 ny post 72.

Kap. 3440 Politidirektoratet - politi- og lensmannsetaten

POST 1 GEBYR

På bakgrunn av rekneskapstala hittil i år, og venta utvikling for passinntektene, foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga på kap. 3440 post 1 med 10 mill. kroner.

POST 4 GEBYR VAKTSELSKAP

På bakgrunn av rekneskapstala hittil i år, og venta utvikling på posten, foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga på kap. 3440 post 4 med 0,5 mill. kroner.

POST 6 GEBYR - UTLENDINGSSAKER

På bakgrunn av rekneskapstala hittil i år, og venta utvikling for inntektene på søknader om statsborgarskap, opphalds-, arbeids- og busetjingsløyver, foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga på kap. 3440 post 6 med 6 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440 post 1.

POST 7 GEBYR - SIVILE GJEREMÅL

Ansvarer for den sivile rettspleia på grunnplanet vart overført til politi- og lensmannsetaten frå 1. januar 2006. Samstundes vart dei nye reglane som direkte tvangsinnndrivning av krav som er uimotsagte, gjort gjeldande.

Utviklinga i 2006 viser at det er ein nedgang i talet på tvangsforretningar i høve til tidlegare år, noko som truleg har samband med at den norske økonomien er inne i ein høgkonjunktur. Vidare viser det seg at direkte tvangsinnndrivning er teke i bruk i liten grad, noko det fortsatt høge talet på saker i forliksråda indikerer. Årsaka er truleg mellom anna den store auken i gebyret for tvangs- og utleggsforretningar dei seinare åra (blitt

relativt rimelegare å bruke forlikråd), og at foreldingsfrista er lengre (10 år) for saker med forlikrådsdom. Politidirektoratet er gitt i oppdrag å vurdere moglege tiltak som kan bidra til at reforma i større grad får tilsikta effekt. Saman med den foreslåtte reduksjonen i gebyra for utleggsforretningar i 2007 er det pårekna at reforma vil få betre effekt i 2007. Ved inntektsover-slagla for nye gebyr vart verknaden for eit heilt år berekna. Gebyr i desse sakene vert betalte på etterskot. Det blir derfor eit etterslep på nokre månader før gebyra blir innbetalte og ført i rekneskapen. Av desse grunnane blir det foreslått å redusere løyvinga med 250 mill. kroner under kap. 3440 post 7.

Kap. 441 Oslo politidistrikt

POST 1 DRIFTSUTGIFTER, KAN NYTTAST UNDER KAP. 440 POST 1

Gebyr utlendingssaker

Det blir vist til omtalen under kap. 3440 post 6 Gebyr. Justisdepartementet har fått fullmakt til å over-skride løyvinga på kap. 441 post 1 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3440 post 6. Det blir derfor fore-slått å auka løyvinga på kap. 440 post 1 med 1,2 mill. kroner.

Kap. 460 Spesialeininga for politisaker

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

I samband med utvikling av elektronisk saksbehandlingsverktøy for Spesialeininga for politisaker blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 460 post 1 med 0,9 mill. kroner i 2006.

Kap. 466 Særskilde straffesaksutgifter m.m.

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til advokatar, sakkunnige og tolkar i straffesaker etter straffeprosesslova kapittel 9. Dei totale utgiftene på kapitlet avhenger av talet på straffesaker, omfanget av sakene og storleiken på den offentlege salærsatsen. Utgiftene på posten er regelbundne.

På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 466 post 1 med 40 mill. kroner.

Kap. 468 Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

I samband med utvikling av elektronisk saksbehandlingsverktøy og tilsetjing av to midlertidige stillingar i Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 468 post 1 med 0,975 mill. kroner.

Kap. 470 Fri rettshjelp

POST 70 FRI SAKFØRSEL

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til advokatar der det er gjeve heil eller delvis fri sakførsel. Utgiftene er regelbundne.

På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og pårekna utvikling blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 470 post 70 med 5 mill. kroner.

POST 71 FRITT RETTSRÅD

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til advokatar og rettshjelparar i saker der det er gjeve fritt rettsråd. Utgiftene er regelbundne. På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og pårekna utvikling blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 470 post 71 med 45 mill. kroner.

POST 72 TILSKUDD TIL SPESIELLE RETTSHJELPSTILTAK

I samband med at behandlinga av klagesaker etter lov om fri rettshjelp blei overført frå Justisdepartementet til Justissekretariata med verknad frå 1. september 2006, blir det foreslått å redusere løyvinga på kap. 470 post 72 med 1 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 472 post 1, jf. omtale under kap. 472 post 1.

Kap. 3470 Fri rettshjelp

POST 1 TILKJENDE SAKSOMKOSTNINGAR M.M.

Saksomkostningar tilkjente staten i benefiserte saker først under posten. Inntektene er regelbundne. På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling blir det foreslått å oppjustere løyvinga under kap. 3470 post 1 med 1 mill. kroner.

Kap. 471 Staten sitt erstatningsansvar

POST 70 ERSTATNING TIL VALDSOFRE, OVERSLAGS-LØYVING

Løyvinga på posten er regelbunden overslagsløyving og dekkjer erstatningar etter voldsofferlova. På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og pårekna utvikling blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 471 post 70 med 15 mill. kroner.

POST 71 ERSTATNINGSANSVAR M.M., OVERSLAGS-LØYVING

Løyvinga på posten dekkjer utbetalingar som følgje av staten sitt erstatningsansvar på grunnlag av alminnelige erstatningsreglar, med unntak av ansvar i kontraktsforhold og ansvar i samband med forretningsdrifta til staten. Løyvinga på posten er regelbunden, og har stikkordet overslagsløyving. På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og pårekna utvikling blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 471 post 71 med 25 mill. kroner.

(NY) POST 74, ERSTATNING TIL ETTERLATNE ETTER DEI OMKOMNE I MEHAMN-ULYKKA, KAN OVERFØRAST

Stortinget gjorde 2. mai 2006 vedtak om å be Regjeringa etablere ei særskilt erstatningsordning for etterlatne etter Mehamn-ulykka og vedtak om å be Regjeringa oppnemne ei eiga nemnd som får som oppgåve å fastsetja erstatningsbeløp og definere kven som skal omfattast av ordninga.

På denne bakgrunn oppnemnde Regjeringa i juni 2006 ei nemnd, som avga si innstilling til departementet i oktober 2006. Nemnda foreslår i innstillinga at dei

etterlatne skal få erstatning på til saman 8,75 mill. kroner, fordelt på totalt 69 etterlatne med beløp frå 50 000 kroner til 200 000 kroner.

Nemnda foreslår vidare at to av dei etterlatne skal få ei tilleggserstatning på 150 000 kroner, og at tre av dei etterlatne skal få ei tilleggserstatning på 100 000 kroner og at fire av dei etterlatne skal få ei tilleggserstatning på 50 000 kroner. Nemnda si endelege innstilling er vedlagt proposisjonen.

I tråd med nemnda si innstilling blir det foreslått å løyve 8,75 mill. kroner på kap. 471 ny post 74 til erstatningsutbetalingar til dei etterlatne etter dei som omkom i Mehamn-ulykka. Av praktiske omsyn blir det foreslått å gje posten stikkordet "kan overførast".

Kap. 472 Administrasjon av særskilte erstatningsordningar m.m.

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

I samband med at behandlinga av klagesaker etter lov om fri rettshjelp blei overført frå Justisdepartementet til Justissekretariata med verknad frå 1. september 2006, blir det foreslått å auke løyvinga på kap. 472 post 1 med 1 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 470 post 72, jf. omtale under kap. 470 post 72.

Kap. 474/3474 Konfliktråd

POST 1 DRIFTSUTGIFTER/2 REFUSJONAR

Konfliktråda held seminar og tek på seg oppdrag som kursopplæring i skolemekling eller for straffedømde og prosjekt med familiemekling o.a. I slike tilfelle tek konfliktråda betalt for utgiftene dei pådrar seg. På grunn av høgare kursverksemd enn lagt til grunn, er det pårekna høgare refusjonsinntekter på kap. 3474 post 2 i 2006. Det blir på denne bakgrunn foreslått å auke løyvinga på kap. 474 post 1 og kap. 3474 post 2 med 0,6 mill. kroner.

Kap. 475 Bobehandling

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga på posten dekkjer dei regelstyrte utgiftene til staten i samband med behandlinga av saker om tvangsopplausing av aksjeselskap og saker om konkurs etter konkurslova § 73.

På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 475 post 1 med 10 mill. kroner.

Andre saker

STYKKPRISFORSKRIFTA SI BESTEMMING OM FENGSLINGSFORLENGINGAR VED KONTORFORRETNING-ORSKURD FRÅ KJÆREMÅLSUTVALET I HØGSTERETT

I budsjettet for 2006 er det lagt til grunn ei innsparing på 38,26 mill. kroner som følgje av endringane i reglane om stykkprisgodtgjersle til advokatar som trådde i kraft 1. januar 2006. Ein del av innsparingane gjaldt innføringa av ei stykkprisordning for forsvararbistand ved fengslingar og innebar mellom anna at forsvararar ikkje skulle honorerast særskild for fengslingsforlengingar som går som kontorforretning (utan

rettsmøte). Den 4. september 2006 gav kjæremålsutvalet i Høgsterett ein orskurd der det blei lagt til grunn at fengslingsforlengingar som går som kontorforretningar, skal honorerast på same måte som fengslingsforlengingar i rettsmøte på inntil ein time (med ein stykkpris på to timar). Orskurden til Høgsterett inneber årlege meirutgifter på ca. 2,8 mill. kroner i forhold til dei innsparingar som blei lagt til grunn i 2006.

2. KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, lederen Anne Marit Bjørnflaten, Thomas Breen, Ingrid Heggø og Hilde Magnusson Lydvo, fra Fremskrittspartiet, Jan Arild Ellingsen, Solveig Horne og Thore A. Nistad, fra Høyre, Elisabeth Aspaker og André Oktay Dahl, og fra Sosialistisk Venstreparti, Olav Gunnar Ballo, viser til den framlagte proposisjonen med forslag om endringer i bevilgningene under diverse kapitler i statsbudsjettet for 2006. Komiteen har merket seg at endringsforslagene er basert på regnskapstall pr. 30. september 2006. I proposisjonen understrekes det at tallene på forbruk for de regelbundne postene er prognoser, og at endelige regnskapstall kan avvike fra dette.

Komiteen vil peke på særlig to forhold i proposisjonen. Det første går på investeringer. Komiteen er glad for at man gjennom salderingen har funnet rom for å øke kap. 440 post 1 med 14,3 mill. kroner. Dette, sammen med at Politidirektoratet har funnet rom innenfor eksisterende rammer på om lag 30 mill. kroner, gjør at man nå kan forsere investeringer for om lag 44 mill. kroner. Komiteen stiller seg bak at disse omprioriteringene blir brukt til å kjøpe inn pistoler og utstyr til kommunikasjonskontroll samt noen investeringer i PST.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet og Sosialistisk Venstreparti, viser til at dette vil redusere presset på politidistriktenes driftsbudsjetter for 2007.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Høyre viser til at Politidirektoratet med sine omprioriteringer følger opp krav fra Stortinget, og prioriterer innkjøp av personlig verneutstyr. Disse medlemmer forutsetter at det tas hensyn til Oslo politidistrikts spesielle utfordringer når det gjelder investeringsbehov. Disse medlemmer ber også Regjeringen følge nøye med, og hvis nødvendig komme tilbake med ekstra bevilgninger i Revidert nasjonalbudsjett for 2007, slik at alle politidistrikter får på plass nytt, personlig verneutstyr.

Komiteen viser til kap. 471 ny post 74 som er en konsekvens av Stortingets vedtak nr. 332, hvor Stortinget ba Regjeringen om å etablere en særskilt erstatningsordning for de etterlatte etter Mehamn-ulykken,

og vedtak nr. 333, hvor Stortinget ba Regjeringen oppnevne ei egen nemnd som fikk ansvaret for å fastsette erstatningsbeløp, inkludert hvem som omfattes av ordningen. Denne nemnda avga sin innstilling i oktober 2006. Nemnda foreslår i sin innstilling en samlet erstatning på 8,75 mill. kroner fordelt på 69 etterlatte. Dette følges opp av Regjeringen i proposisjonen. Nemnda avga i november en rettet innstilling, hvor det foreslås en samlet erstatning på 8,80 mill. kroner fordelt på 70

etterlatte. Den rettede innstillingen er 7. desember 2006 oversendt fra justisministeren til Stortinget.

Komiteen viser til bakgrunnen for å etablere en slik særskilt erstatningsordning og viser for øvrig til kontroll- og konstitusjonskomiteens generelle merknader som er lagt til grunn for saken i Innst. S. nr. 125 (2005-2006).

Komiteen har for øvrig ingen merknader og tilrår Stortinget å støtte det fremlagte forslaget.

3. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2006 blir det gjort følgende endringer:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
410		Tingrettene og lagmannsrettene (jf. kap. 3410)	
	1	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 412 post 1, forhøyes med</i>	1 300 000
		fra kr 1 318 064 000 til kr 1 319 364 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>nedsettes med</i>	12 000 000
		fra kr 45 598 000 til kr 33 598 000	
414		Forliksråd og andre domsutgifter	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>nedsettes med</i>	20 000 000
		fra kr 56 700 000 til kr 36 700 000	
430		Kriminalomsorgens sentrale forvaltning (jf. kap. 3430)	
	60	Refusjoner til kommunene, <i>forvaringsdømte mv., kan overføres, nedsettes med</i>	10 000 000
		fra kr 35 078 000 til kr 25 078 000	
440		Politidirektoratet - politi- og lensmannsetaten (jf. kap. 3440)	
	1	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 441 post 1, forhøyes med</i>	14 300 000
		fra kr 7 105 061 000 til kr 7 119 361 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>nedsettes med</i>	24 000 000
		fra kr 96 920 000 til kr 72 920 000	
	22	Søk etter omkomne på havet, i innsjøer og vassdrag, <i>kan overføres, nedsettes med</i>	3 000 000
		fra kr 7 006 000 til kr 4 006 000	
(NY)	72	Tilskudd til Det mosaiske trossamfunn, <i>bevilges med</i>	4 948 000
441		Oslo politidistrikt (jf. kap. 3441)	
	1	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 440, post 1, forhøyes med</i>	1 200 000
		fra kr 1 378 675 000 til kr 1 379 875 000	
460		Spesialenheten for politisaker (jf. kap. 3460)	
	1	Driftsutgifter, <i>forhøyes med</i>	900 000
		fra kr 21 493 000 til kr 22 393 000	
466		Særskilte straffesaksutgifter m.m. (jf. kap. 3466)	
	1	Driftsutgifter, <i>nedsettes med</i>	40 000 000
		fra kr 613 178 000 til kr 573 178 000	
468		Kommisjonen for begjæring om gjenopptakelse av straffesaker (jf. kap. 3468)	
	1	Driftsutgifter, <i>forhøyes med</i>	975 000
		fra kr 9 697 000 til kr 10 672 000	
470		Fri rettshjelp (jf. kap. 3470)	
	70	Fri sakførsel, <i>nedsettes med</i>	5 000 000
		fra kr 376 568 000 til kr 371 568 000	
	71	Fritt rettsråd, <i>nedsettes med</i>	45 000 000
		fra kr 228 394 000 til kr 183 394 000	
	72	Tilskudd til spesielle rettshjelptiltak, <i>nedsettes med</i>	1 000 000
		fra kr 20 265 000 til kr 19 265 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
471		Statens erstatningsansvar	
	70	Erstatning til voldsofre, <i>overslagsbevilgning</i> , forhøyes med fra kr 102 336 000 til kr 117 336 000	<u>15 000 000</u>
	71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsbevilgning</i> , forhøyes med fra kr 79 904 000 til kr 104 904 000	<u>25 000 000</u>
(NY)	74	Erstatning til etterlatte etter de omkomne i Mehamn-ulykka, <i>kan overføres</i> , bevilges med	<u>8 750 000</u>
472		Administrasjon av særskilte erstatningsordninger m.m. (jf. kap. 3472)	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med fra kr 24 301 000 til kr 25 301 000	<u>1 000 000</u>
474		Konfliktråd (jf. kap. 3474)	
	1	Driftsutgifter, forhøyes med fra kr 41 744 000 til kr 42 344 000	<u>600 000</u>
475		Bobehandling	
	1	Driftsutgifter, nedsettes med fra kr 50 403 000 til kr 40 403 000	<u>10 000 000</u>
Inntekter			
3410		Rettsgebyr (jf. kap. 410)	
	01	Rettsgebyr, forhøyes med fra kr 1 109 288 000 til kr 1 169 288 000	<u>60 000 000</u>
5630		Aksjer i Norsk Eiendomsinformasjon as	
	80	Utbytte, forhøyes med fra kr 6 800 000 til kr 10 360 000	<u>3 560 000</u>
3440		Politidirektoratet - politi- og lensmannsetaten (jf. kap. 440)	
	1	Gebyrer, forhøyes med fra kr 470 040 000 til kr 480 040 000	<u>10 000 000</u>
	4	Gebyrer - vaktelskap, nedsettes med fra kr 1 007 000 til kr 507 000	<u>500 000</u>
	6	Gebyrer - utlendingssaker, forhøyes med fra kr 54 700 000 til kr 60 700 000	<u>6 000 000</u>
	7	Gebyr - sivile gjøremål, nedsettes med fra kr 853 921 000 til kr 603 921 000	<u>250 000 000</u>
3470		Fri rettshjelp (jf. kap. 470)	
	1	Tilkjente saksomkostninger m.m., forhøyes med fra kr 2 000 000 til kr 3 000 000	<u>1 000 000</u>
3474		Konfliktråd	
	2	Refusjoner, forhøyes med fra kr 1 000 000 til kr 1 600 000	<u>600 000</u>

Oslo, i justiskomiteen, den 14. desember 2006

Anne Marit Bjørnflaten
leder

Thomas Breen
ordfører

